

Alver kommune,  
5906 Frekhaug

[post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no)

Sletta 17. okt. 2022

## **Oppfølging og kontroll av byggetiltak: Utfylling i sjø, støyping og muring av båtopptrekk og kaier.**

I **2008** vart det i Blomskuvika på gnr499bnr15 sprengt ut naustetomt med påfylgjande byggestart av naust.

For meg som eigar av gnr499bnr11, var dette svært overraskande då **eg ikkje hadde motteke noko som helst nabovarsel for tiltaket.**

Tvert imot fekk eg i 2006, på direkte spørsmål til forrige og noverande eigarar av bnr15, om dei hadde byggjeplanar i vika mot min eigedom, **eit klart svar om at det hadde dei ikkje.** Bakgrunnen for "konfrontasjonen" var at det då såg ut som dei var i ferd med å forberede ein eller annan byggeaktivitet i vika, samt at det tidlegare (mellom 1982 og 2000 (ortofoto)) **uannmeldt** hadde dukka opp ein liten trekai på austsida av vika.

Utover dette var Blomskuvika urørd i 2006 slik som vedagte bilete frå 2004 og Ortofoto frå 2006 viser.

**Vedlegg 1** Bilete av Blomskuvika i 2004

**Vedlegg 2** Ortofoto 2006

Seinare kom det likevel fram at forrige eigar av bnr15, tilsett ved landbrukskontoret i Radøy, i 1990 hadde fått byggeløyve for naust **utan at tiltaket var nabovarsla.**

**Vedlegg 3** Brev frå Alver kommune.

I sakspapira for naustsaka (arkivsaksnr. 07/850) les ein likevel at noverande eigarar hevdar at dei hadde byrja bygginga av naustet innan fristen i 1993.

**Vedlegg 4** Gnr 9915 Ystebø - vidareføring av påbyrja arbeid med naust side 1 og 2.

Eg kan såleis ikkje tolka dette på annan måte enn at det uvarsla byggeløyvet for naust frå 1990 bevisst vart skjult for meg og at det som gjekk føre seg i Blomskuvika den dagen i 2006, var korleis byggeløyvet som då var forelda, skulle kunne brukast av dei nye eigarane (frå 2005) for å byggje naust.

Gnr499bnr11 har vore i mi slektsline frå 1954 og eg har sjølv budd fast på eigedomen sidan 1974. Absolutt ingen ting var observert med omsyn på naustbygging i Blomskuvika før nausttomten vart sprengd ut i 2008.

Vedlagte bilete av den utsprengte tomten viser også at det **etter 2006** vart bygd ein liten trekai midt i vika. Dette tiltaket er heller aldri varsla eller omsøkt.

**Vedlegg 5** Bilde 2008

Fylkesmannen vart i 2011 trekt inn i naustsaka (arkivsaksnr. 07/850) der han mellom anna i brev datert 25.1.2011 peika på at forrige eigars byggjeløyve var gått ut i 1994.

**Vedlegg 6** Brev frå Fylkesmannen 25.1.2011

Noverande eigarar (son og svigerdotter) måtte til slutt søkja om legalisering av det halvferdige naustet den 8.5.2011.

Denne gongen vart det levert nabovarsel og byggesøknaden gjaldt **kun det påbyrja naustet**. Tiltaket omfatta såleis **verken utfylling i sjø, etablering av båtopptrekk, bygging kaier eller anna**.

Eg uttala meg derfor positivt til legaliseringa av naustet, men presiserte i varselet at **tiltaket ikkje måtte koma i konflikt med min eigedom i Blomskuvika**.

**Vedlegg 7** Nabovarsel 8.5.2011 med kommentar.

Naustet vart ferdigmeldt 27.3.2013

**Vedlegg 8** Ferdigerklæring.pdf

**Straks etter var at ferdigattesten for naustet var utsteda vart det sett i gang utfylling i sjø, muring og støyping av båtopptrekk og kaier**. Tiltaket pågår fremdeles.

Ortofoto viser at eigarane av bnr15 i fleire etappar og over tid har bygd eit større kai-anlegg i Blomskuvika. Dette er søknadspliktige tiltak som skulle ha vore nabovarsla, jf. plan- og bygningslova § 20-1, og etter det eg kjenner til er tiltaka verken omsøkt eller godkjent.

Tiltaka i sjø i Blomskuvika har gått føre seg meir eller mindre kontinuerleg sidan 2013 og seinast den 7. juli 2021 vart det levert meir støypesand med skøyte til kaianlegga.

**Vedlegg 9** Skøyte med sand 7. juli 2021.

På spørsmål ansikt til ansikt, til noverande eigar(ar) av bnr15, om dei har sendt meg nabovarsel på tiltaka i sjø og i strandsona, fekk eg som svar at **det var heilt unødvendig å sende meg nabovarsel**.

Blomskuvika framstår i dag med samanhengande kaier og båtslipp der noko av tiltaka er inne på min eigedom. Eigartilhøva utover i fjøra er også påverka.

Etter dette ber eg om snarleg tilbakemelding frå kommunen på fylgjande spørsmål:

1. Er dei ovannemde tiltaka med utfylling i sjø, muring og støyping av kaier og slipp omsøkt og er nødvendige løyve gitt?
2. Dersom løyve er gitt, kvifor har eg då ikkje fått nabovarsel og soleis hatt høve til å uttala meg for å kunne ivareta mine interesser?
3. Den sørvestre delen av bnr15 sine tiltak i strandsona er utført på bnr11. Blir det då eg som heimelshavar av bnr11 som må stå ansvarleg for dette tiltaket?

Noverande eigar(ar) av bnr15 fekk heimel til eigedomen i 2005. Frå 1961 var det far/svigerfar som var eigar av eigedomen. Etter det eg kan sjå av tilgjengelege ortofoto, er såleis alle dei søknadspliktige tiltaka på eigedomen utført i far og son si eigartid.

Av saksdokumenta for naustsaka, og med bakgrunn i dei beskrevne tiltaka i strandsona på og mot min eigedom, meiner eg at far og son etter 1961 gjentatte gonger både planmessig, bevisst og forsettlig har handla i strid med reglane for strandsoneforvaltninga. Her vil eg som eksempel vise til utdrag av dokumentet *Utgreiing naust juni 2011.pdf* nederst på side 1 der teksten er utheva med raud farge.

**Vedlegg 10** Utgreiing naust juni 2011.pdf

Eg anmoder med dette kommunen å fylgje opp og kontrollere lovlegheita av bnr15 sine årelange "kaitiltak" i Blomskuvika og imøteser tilbakemelding i saka.

Venleg helsing

Ståle Rossgård (sign)

17 Vedlegg